


VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

I medhald av plan- og bygningsloven §§ 12-1 og 12-8 varslast oppstart av privat detaljreguleringsplan:

HEIMAVÅGEN, GNR. 26 BNR 180,181 M.FL -
VINDENES, FJELL KOMMUNE



Sotragruppen AS er tiltakshavar.

Stracon AS er konsulent for reguleringsarbeidet.

Planområdet ligg på Vindenes og utgjer om lag 116,2 daa. Området er i KPA avsett til både næring, hamn, småbåthamn, LNF-område, naust, samt bruk og vern av sjø, og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Deler av planområdet ligg under omsynssone for kulturmiljø og har krav om felles planlegging

Hovudføremålet med detaljreguleringa er å legge til rette for næring tilknytt marin verksamheit. Planen skal og utvide småbåthamna i Heimavågen. I tillegg skal og infrastrukturen i området betrast.

Tiltaket er saman med kommunen vurdert til å ikkje utløyse krav om full konsekvensutredning. Med bakgrunn i omgjerjing av LNF-formål i strandsona, der det vert lagt opp til utfyllingar i sjø, skal enkelttema i planen konsekvensutgreiast.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen.

Det vil bli halde eit folkemøte på Notloftet på Vindenes onsdag 30. august kl. 18.00, der prosjektet vil bli presentert nærmare, og det vil være mogleg å stille spørsmål.

Merknader som kan ha verknad for planarbeidet kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Stracon AS,

Leirvikflaten 15b, 5179 Godvik

E-post: post@stracon.no

Merkast «**7137 – Detaljregulering Heimavågen**».

Alle mottekne dokument vil følgje planforslaget når det blir sendt kommunen for handsaming.

Frist for merknader er sett til **15.09.17**.

Meir informasjon: www.stracon.no
eller tlf: 55 31 95 00

